

MØRE OG ROMSDAL REVISJON IKS

Hordaland Fylkeskommune
Fylkestinget

Deres referanse:

Vår referanse:
2017/000015/RR

Arkivkode:
216-R1

Sted/dato
Molde, 06.04.2017

REVISORS UTTALE TIL DELREKNESKAP FOR KONTROLLUTVAL, SEKRETARIAT OG EKSTERN REVISOR

Vi har revidert delrekneskap for følgjande ansvar og nettoresultat

Ansvar 110200 Kontrollutval	kr	647 297
Ansvar 110150 Sekretariat	kr	1 441 174
Ansvar 110250 Ekstern revisor	kr	2 339 753

Delrekneskapa består av ei oppstilling over inntekter og kostnader for dei nemnde ansvara, og er utarbeidd av leiinga for sekretariatet i Hordaland Fylkeskommune

Leinga sitt ansvar for rekneskapen

Leinga er ansvarlig for å sette opp rekneskapen, og for slik intern kontroll som leinga finn naudsynt for å kunne sette opp eit rekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleghald eller feil.

Revisors oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å gje uttrykk for ei meining om delrekneskapa på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tilstrekkeleg tryggleik for at rekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber gjennomføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i rekneskapen. Val av handlingane avheng av revisors skjønn, medrekna vurdering av risikoane for at regnskapet inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleghald eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapets utarbeiding av eit rekneskap som gjev ei dekkande framstilling. Formålet er å utforme revisjonshandlingar som er hensiktsmessige ut frå tilhøva, men ikkje for å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av eininga sin interne kontroll. Ein revisjon gjeld og ei vurdering av om dei anvendte rekneskapsprinsippa er hensiktsmessige, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av rekneskapen.

Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

MØRE OG ROMSDAL REVISJON IKS

Konklusjon

Etter vår meining gjev delrekneskapa for Ansvar 110200 Kontrollutval, Ansvar 110150 Sekretariat og Ansvar 110250 Ekstern revisor for 2016, i det alt vesentlege eit uttrykk for ansvara sine resultat i samsvar med grunnlaget for framlegging av rekneskapa.

Grunnlag for framlegging av rekneskap og avgrensa distribusjon

Delrekneskapa er utarbeidd for å gje informasjon til Fylkestinget i Hordaland fylkeskommune. Rekneskapa er difor ikkje nødvendigvis egna for andre formål. Uttalen er berre meint å skulle distribuerast til dei som ansvarsstaden i Hordaland fylkeskommunen rapporterer til. Dette forholdet har ikkje tyding for vår konklusjon.

Molde, 06.04.2017



Ronny Rishaug
Spesialrevisor, reg.revisor

Møre og Romsdal Revisjon IKS
Org. nr. 917 802 149